

# LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune  
Kulturkontoret

1. okt 2018

## Uttale på «fordeling av kulturmidlar 2018, framlegg frå rådmannen»

Lindås Kulturråd ser positivt på forslag til tildeling og har ingen særskilte merknadar til fordelinga. Igjen er det viktig at hausttildelinga går kun til prosjekt og ikkje investering og drift.


Vidare vil vi igjen påpeike:

Lindås kulturråd meiner det bør investerast i eit moderne dataprogram som gjer betre oversyn både for søkjar og sakshandsamar i desse sakene. Eit slikt dataprogram må leggjast opp til at det kun er mogleg med ein søknad frå kvart lag. Slik det er i dag må sakshandsamar gjere mykje manuelt arbeid med innlegging av tal og tekst etc. Dette burde vore automatisk innhenta frå søknadsskjema. Vi vil foreslå at det vert sett ned ei gruppe for å sjå nærare på ein ny dataplattform for søknad og fordeling av kulturmidlar. Representantar frå Lindås kulturråd vil gjerne delta i ei slik gruppe.

Som nemnt i uttale på fordeling i åra før, bør den årlege støtta til kulturråd og idrettsråd vere ei fast løyving utanom kulturmidlane. Vi finn det ikkje riktig at desse tilskota skal figurera som kulturmidlar. Løyvinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik.

Lindås Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne  
Styreleiar



Per Ole Ekker  
Sekretær